

Svar på interpellasjon frå Karina Garnes Reigstad (MDG), Høve til lading av el-bil på arbeidsplassen for kommunalt tilsette

Eg er einig i at det er viktig å leggje til rette for at innbyggjarane har gode moglegheiter for å kunne lade el-bilane sine. Dette er ein i ferd med å få på plass rundt ikring, m.a. på Frekhaug senter og ved bussterminalen, og vi får og moglegheit til å lade ved den nye parkeringa ved båtkaien (Varnappen). Når det gjeld å leggje til rette spesielt ved kommunale bygg, og spesielt for tilsette, så tenkjer eg at det er ei sak for seg.

Eg opplever at det er nokre problematiske sider ved framlegget frå representanten Reigstad. Det største problemet er gjerne at kommunestyret skal binde opp budsjettprosessen allereie no, jf. pkt. 2 i framlegget. Og til pkt. 1: å få til ladepunkt ved *alle* kommunale bygg er svært ambisiøst, og å få til tenlege ordningar for alle som ønskjer lading verkar å vere ei svært stor oppgåve.

Vi har mange ulike saker vi ønskjer å prioritere, og dette må vi kunne gjere i budsjettprosessen, utan at vi er bundne opp av eit kommunestyrevedtak før budsjettprosessen er kome i gang. Derfor ønskjer eg å fremje eit alternativt vedtak:

*Kommunestyret ber formannskapet vurdere etablering av ladepunkt ved nokre kommunale bygg i budsjettprosessen.*

Då vil formannskapet måtte vurdere det som no er spelt inn i denne interpellasjonen, utan at kommunestyret har bunde opp prosessen på dette tidspunktet.